

## Møtereferat grunneigarmøte Nordre Fønnesvågen

### FONNES BYGDELAG

**Sted:** Kilstraumen

**Dato:** 15.04.2024 kl. 18:00

Deltakarar: Kjell Isaksen, Cato Fønnes, Inge Fønnes, Sven-Erik Fønnes, Åse og Ole Låstad, Stian Sleire, Magnus Arentsen, Per Ove Myklebust, Siren Hope og Andreas Vikebø, Stian Vikebø, Roald Myklebusthaug, Jan Kåre Myklebust, Asbjørn Nagell Toft, Øystein Austrheim og Harald Sognnes

**Kopi:**

**Referent:** Harald Sognnes

**Saksliste:**

- Grunneigarmøte om utvikling av Nordre Fønnesvågen

**Referat:**

- Grunneigarmøte om utvikling av Nordre Fønnesvågen  
Øystein orienterte om grunnlaget for å invitere grunneigarane til møtet. Det vart stilt spørsmål med om alle hadde fått brevet, sidan kun 11 av 19 grunneigarar kom på møtet. Asbjørn gjekk gjennom kartet i områderuleringsplanen for strandpromenaden Nordre Fønnesvågen. Rekkefølgekrava for området med naust merka (N14 – N35) set krav til at det ikkje kan byggjast naust før strandpromenaden er ferdig bygd og godkjent. For området med naust merka (N17 – N35) er kravet i tillegg at det ikkje kan byggjast naust før piren er ferdig bygd og godkjent. Han informerte om at det er mogleg å dela prosjektet opp i til dømes 3 steg.  
Steg 1 frå N35 til N24.  
Steg 2 vidare til N15.  
Steg 3 vidare til N14.  
Spørsmål frå salen:
  - Kan det byggjast veg fram til piren før ein startar arbeidet med bygging av piren? Den kan byggjast veg frå fellesveg ned til planlagt parkeringsplass inne i vågen og vidare ned til piren langs traseen der promenaden skal koma.
  - Kva skal piren byggjast av og kor lang skal den vera? Piren kan byggjast av stein, tre eller som flytebrygge og det er ikkje sett krav til lengde på piren.
  - Kva skal ein bruka piren til? Den skal i utgangspunktet vera ein møteplass for brukarar av strandpromenaden. Her kan ein til dømes setja opp ei badstue.

- Kven kan nytta fellesveg som køyreveg ned til planlagt parkeringsplass inne i vågen?  
Dei som eig områda inne i vågen kan nytta fellesveg merka (f\_P3) og parkeringsplassen til naudsynt transport til og frå nausta.  
Dette kan skiltast eller det kan setjast opp bom.
- Kor langt ned mot sjøen kan nausta plasserast?  
Nausta må plasserast på trygg grunn for å hindra at nausta vert tatt av sjøen.
- Kan ein fortøya båtar utanfor nausta inne i vågen?  
Ein kan fortøya båtar dersom dei ikkje er til hinder for ålmenta eller tilflot for andre. Dette gjeld området i sjøen merka (o\_FS1) i områdereguleringsplanen
- Vert det båtopptrekk inne i vågen?  
Det er ikkje planlagt båtopptrekk inne i vågen, men det er avsett 4 områder i områdeplanen lenger ute langs Tresvik sida. Dette gjeld områda merka (f\_S1 - f\_S4) i områdereguleringsplanen.
- Når kan ein byggja naust på (N15)?  
Her kan ein byggja naust når ei har bygd ferdig vegen over eigedomen til dette naustet. Krav til ferdig pir gjeld ikkje her.
- Korleis sikrar ein at fellesvegen kun vert brukt av dei som har tilgang i vågen?  
Her bør ein laga ein bruksavtale til dømes gjennom eit veglag.
- Vil det verta mogleg å selja naustetomtane etter at promenaden er ferdigstilt?  
Ut frå «Jordlova» er det ikkje tillate å dele frå eller selja nausttomtar.  
Men er det nokon som til dømes har to nausttomtar i området kan ein få tillatelse til å selje den eine.

I møtet kom det fram at ein ser positivt på ei utbygging langs Nordre Fønnesvågen, men at ein må ta det stegvis og starta med steg 1 frå kryss ved Gulebua til fellesveg og parkeringsplass inne i vågen.

Møtedeltakarane vart bedne om å ta kontakt med naboar som ikkje var med på møtet for å få til kontakt med oss i Bygdelaget for om mogleg å gå vidare med prosjektet.

Møtet slutt 20:00